



Nipo Haukeland Beitelag
Gamlagjerdet 5
5357 FJELL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7208 - 21/7750

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
03.02.2021

Til beitelaga i Alver - Orientering om tilskotsordninga til investeringar i beitefelt 2021

Dette brevet er sendt til beitelaga som er registrert med Alver som sakshandsamande kommune.

Nytt om tilskot til tiltak i beitelaga frå 2021

Kommune har ansvar for tilskot til tiltak i beitelaga. Det betyr at kommunen skal prioritera og løyva tilskot til investeringar i beitefelt. Søknadsskjema vil vera å finna i Altinn, men det vil vera mogleg å søkja på papir. Søknaden skal sendast til den kommunen beitelaget ligg i.

Lokale retningsliner

Alver kommune vil nytta same retningsliner for 2020.

Om ordninga

Føremålet med tilskotet er å leggja til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, reduserte tap på utmarksbeite og fremja fellestiltak i beiteområde. Midlane skal forvaltast i tråd med Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde (FOR 2013 -0204-206). Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremeyer beiting i eit område, men i hovudsak skal tiltaka vera stasjonære. Døme på aktuelle tiltak er:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerder for å sikra at dyr ikkje kjem over i farlege område
- Gjertarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingststyr

Prioriteringar for 2021

- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk
- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar

Rettleiane timesatsar for eige arbeid

Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag og liknande) 350 kr/time

Bruk av traktor: 600 kr/time

Gravemaskin: 800 kr/time (eller etter rekning)

Tilskotssats vert tilpassa søknadsmengda

Søknad

Beitelag sender søknad om tilskot til kommunen.

Link til elektronisk søknadsskjema

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/tiltak-ibeiteomrader/hvordan-soke>

Link til søknadsskjema i papir <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/tiltak-ibeiteomrader/hvordan-soke/skjema>

Søknadsfrist 01. mars 2021

Hugs naudsynte vedlegg som kart og løyver m.m. Kommunen avgjer søknaden.

Med vennleg helsing

Roba Al Serhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Austfjorden Beitelag

Dyrkolbotn Beitelag

Nipo Haukeland Beitelag

Stusdalen Beitelag Sa

Stallavegen 190

Nordre Hauglandsvegen

138

Gamlagjerdet 5

Midtneset 31

5993

5314

5357

5994

OSTEREIDET

KJERRGARDEN

FJELL

VIKANES